



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 24.06.2013

Vår ref.: 2013/1395

Arkivnr.: 433.0

Per Bernt Vikeså
Vikeså
4389 VIKESÅ

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Søknad om utsetjing av utanlandske treslag, sitkagran og hybridlerk, Per Bernt Vikeså, 33/2, Bjerkreim kommune, avslag og løyve til utsetjing

Vi syner til søknad, mottatt 04.02.2013 fremja av skogbrukssjef Hans Petter Tønnesen, på vegne av søkar Per Bernt Vikeså. Søknaden gjeld løyve til planting av sitkagran og hybridlerk til skogproduksjon på to teigar på gnr/bnr 33/2 i Bjerkreim kommune. Slik søknadsskjemaet er utforma og det går fram indirekte av kgl. res. av 25.05.2012, kan andre enn grunneigar søka på vegne av grunneigar. Vi legg til grunn for behandlinga av søknaden at Hans Petter Tønnesen har fullmakt til å fremja søknaden på vegne av grunneigar og forplikta grunneigar, m.a til å hindra spreiiing etter reglane i naturmangfaldlova. Dette gjeld m.a. plikta til generelt å opptre aktsamt (§6), og det særlege kravet til aktsemd ved utsetjing av framande organismar (§28).

Heimel

Utsetjing av utanlandske treslag krev godkjenning frå Fylkesmannen i samsvar med *forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål (25.05.2012 nr 460, jf naturmangfaldlova kap. IV)*.

Søknaden

Det er søkt om å planta ut eit ukjend tal planter på om lag 100 da med sitka og 30 da med lerk på to område, eit område i nordvest på myr mellom E39 og Storrsheivatnet (teig 1, om lag 30 da), og eit større område i hovudsak på fastmark som strekker seg frå E39 mot søraust (teig 2, om lag 125 da) (kartvedlegg).

Fylkesmannen si vurdering

Føremålet med forskrifta er å hindra at planting av utanlandske treslag gjev uheldige konsekvensar for naturmangfaldet. Det er sentralt å sikra at forvaltingsmåla for naturtypar og artar ikkje blir truga av dei framande artane, direkte eller indirekte, jf naturmangfaldlova §§4 og 5. Alle offentlege vedtak som kan ha verknader for naturmangfaldet skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

§8 set krav om at vedtak bygger på kjend kunnskap. Sitkagran er vurdert av Artsdatabanken som ein art med svært stor økologisk risiko ut frå invasjonspotensial og økologisk effekt (Norsk svarteliste 2012). Ut frå kriteria som er nytta er sitkagran plassert i høgaste kategori (4) for levealder og spreiiingsfart/auka førekomstareal, nest høgaste (3) når det gjeld fare for tilstandsending av sjeldne/true naturtypar.

Teig 1 og austre del av teig 2 ligg på areal som er klassifisert som myr i AR5. Planting på dette arealet er uaktuelt ut frå forskrift om berekraftig skogbruk.

Begge teigane ligg i området ” Storrsheia”, kartlagt innan prosjektet ”Nasjonal registrering av kulturlandskap ” registrert i 1993 . Noko av bakgrunnen for dette var det store omfanget av kulturminne frå grenda ”Uadal” frå folkevandringstid som vart fråflytta slik at kulturminna i uvanleg høg grad var intakt og finst i slikt omfang at dei er tydelege for publikum. Dette gjeld særleg kulturminna i den nordre delen av det kartlagte området som er tilrettelagte med informasjonstavle og merka tursti. Vesentleg var og at landskapet hadde ein liknande karakter som i folkevandringstida med kystlynghei, myr og eng. Dette er i hovudtrekk framleis tilfellet i den nordvestre delen. Det er berre dei biologiske verdiane som har blitt oppdaterte. Dette skjedde i 2006 og førte til at den omsøkte myra (teig 1) vart kartlagt med verdi viktig (B) og at to kystlyngheiområde 200- 300 m sør- og nord for dei omsøkte områda vart kartlagt med lokal verdi (C). Teig 2 består dels av myr, dels av kulturbeite , det meste er gjødslingspåverka kystlynghei, litt er og fulldyrka. Vi legg til grunn at også dette området vart vurdert i 2006 og ikkje var funne kartleggingsverdige. Det er også legalfreda kulturminne på dette arealet. Det er ein god del registreringar av raudlista fuglar, som strandsnipe (NT) og kulturmarksartane songlerke (sårbar), svartstrupe (nær truga) og vipe (nær truga). Det var ein god del plantingar i /nær denne delen av det registrerte kulturlandskapsområdet Storrsheia då området vart kartlagt, og det har skjedd vesentlege endringar etter dette. Det er bygd veg på austsida av Storrsheiåna i samanheng med kraftutbygging og gjennomført store bartreplantingar og andre arealbruksendringar rundt denne vegen. Det er ikkje verna område i nærleiken som kan bli uheldig påverka av tilplantinga.

Ut frå føre-var-prinsippet (§9) er det viktig å sikra seg mot framtidig frøspreiing frå plantefeltet. Rutinar for internkontroll må innarbeidast i verksemda.

Påverknad av økosystemet skal vurderast ut frå samla belastning som økosystemet er eller blir utsett for (§10). Dei mest alvorlege direkte verknadane vil etter vår vurdering gjelda myra (teig 1). Indirekte verknader er drøfta nedanfor.

§11 adresserer ansvaret for eventuelle skadar på naturmiljøet til tiltakshavaren. Kostnadar ved å bota på eventuelle skadar eller førebyggja skadar skal dekkast av tiltakshavar, så langt dei er innafor rimelege grenser.

Driftsmetodar og teknikkar skal i utgangspunktet ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gjev dei beste samfunnsmessige resultatata (§12).

Etter vår vurdering er den største direkte negative verknaden knytt til teig 1. Dette er intakt myr med verdi viktig som blir fullstendig endra ved grøfting og planting. Det er truleg ein negativ klimaverknad av å grøfta myr for å planta skog og det har lenge vore i strid med statleg skogpolitikk å grøfta og planta på myr. Vi vurderer den direkte negative verknaden av å planta på teig 2 som mindre. Dei indirekte verknadene er vanskelegare å vurdere. Det er grunn til å rekna med at dei registrerte kulturlandskapsfuglane vil få vesentleg dårlegare livsvilkår og kanskje vil forsvinna frå området. Plantinga er omsøkt i eit område med ein del sitkagran frå før, men det er likevel grunn til å tru at frøpresset vil auka vesentleg på dei nordre delane av kulturlandskapsområdet som i større grad er intakt (nord for teig 2).

Den omsøkte plantinga vil i nokon grad vera negativ for naturmangfaldet, kulturlandskapet og oppleving av kulturminne i kulturlandskap. Dette er mest tydeleg for teig 1. Under føresetnad av at framtidig spreieing av sitkagran blir overvaka og hindra om det blir aktuelt, kan vi likevel ikkje sjå at dei delane av den omsøkte plantinga som ikkje er på myr i teig 2 vil vera i strid med forskrifta §§

1 og 7. Det bør ikkje planleggast plantingar av framande treslag lenger nord på Storrsheia der konflikten med biologiske verdiar og oppleving av kulturlandskap og kulturminne vil vera større.

Det er viktig at dette dokumentet blir gjort kjend og overført samtidig som eventuelt eigarskifte til ny eigar.

Vedtak og vilkår

Fylkesmannen avslår søknaden om å setja ut sitkagran på det nordvestre feltet med myr, teig 1 og på den nordvestre delen av teig 2 som er myr på AR5. Fylkesmannen gjev løyve til å setja ut framande treslag på austre del av det austre feltet, teig 2, søraust for det som er avmerka som myr i AR5, og den dyrka teigen på kartet vedlagt søknaden. Vi tilrår at det primært blir planta hybrid/japanlerk, då det er grunn til å tru at spreingsfaren frå desse artane er mindre enn frå sitka. Det er eit vilkår at framtidig spreiging av sitkagran og hybridlerk blir overvaka og hindra om det blir aktuelt.

Vedtaket kan påklagast til Direktoratet for naturforvaltning innan 3 veker. Klagen skal stilast til Direktoratet for naturforvaltning og sendast til Fylkesmannen i Rogaland.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Audun Steinnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Audun Steinnes
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 12
E-post: fmrosas@fylkesmannen.no

Kopi:
Rogaland fylkeskommune
Bjerkreim kommune